



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valnemnda
Møtestad: Dalsfjorden, 1. etg., Volda rådhus
Dato: 25.11.2015
Tid: 11:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 2/15	Val av nytt medlem i kontrollutvalet
PS 3/15	Formannskapet - endring i raudgrøn si liste til val av formannskap
PS 4/15	Endring i val til styre, råd og utval som følgje av endring i kontrollutvalet si samansetjing
PS 5/15	Val av eldreråd for perioden 2015-2019
PS 6/15	Val av kommunalt råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019
PS 7/15	Klagenemnd for eigedomsskatt - endringar i samansetjing
PS 8/15	Val av jury til Volda kommune sin frivilligpris
PS 9/15	Val av representant til prosjektgruppe og styringsgruppe i "Mellom bygningane i Volda"
PS 10/15	Val av Volda kommune sine representantar i styret for Volda Skisenter 2015-2017

SAKER TIL HANDSAMING

SAKER TIL HANDSAMING



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen Arkivsak nr.: 2015/1850
Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV NYTT MEDLEM I KONTROLLUTVALET

Administrasjonen si tilråding:

Som nytt medlem i kontrollutvalet blir valt.

Saksopplysningar:

Kommunestyret valde i PS 107/15 i møte 29.10.2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet	Representant	Vararepresentant
	Solfrid Førde Ronald Hagen (leiar)	Anna Sundalsfoll
	Håvard Strand	Inge Aleksander Bruheim
	Ragnhild Folkestad	Eiliv Halkjelsvik Elin Mari L. Wilhelmsen
	Uthman Harbid	Tor Mikalsen
	Jørgen Holte	Anne Karin Espe
	Toril Rødven Eide	Arne Ullaland

Uthman Harbid er tilsett i Volda kommune og kan derfor ikkje sitje i kontrollutvalet. Det må derfor veljast ein annan representant i staden for han.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Den som blir vald



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
3/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

FORMANNSKAPET - ENDRING I RAUDGRØN SI LISTE TIL VAL AV FORMANNSKAP

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Val til formannskap blei handsama i kommunestyret 29.10.2015 (sak 104/15), og den raudgrøne lista hadde då følgjande samansetjing:

Grønraud liste	MEDLEMER <i>Jørgen Amdam</i> <i>Fride Schjølberg Sorthaug</i> <i>Odd Harald Sundal</i> <i>Sølvi Dimmen</i> <i>Gunnar Strøm</i>	VARAMEDLEMER <i>1. Øyvind Festø</i> <i>2. Hild Våge</i> <i>3. Magnar Sunde</i> <i>4. Åshild Vik</i> <i>5. Benedikte Holmberg</i> <i>6. Rebecca Riise Bjerkes</i> <i>7. Margrete Trovåg</i> <i>8. Bjørn Ytrestøyl</i>
-----------------------	--	---

Dei raudgrøne (AP, SV, SP, V og MDG) ønskjer å gjere endringar på si liste over varamedlemmer til formannskapet etter omrokking i høve val til kontrollutval, og vil skifte ut Bjørn Ytrestøyl med Uthman Harbid.



VOLDA KOMMUNE

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2015/1850

Arkivkode: 033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
4/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

ENDRING I VAL TIL STYRE, RÅD OG UTVAL SOM FØLGJE AV ENDRING I KONTROLLUTVALET SI SAMANSETJING

Administrasjonen si tilråding:
Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

I tilknytning til endring i samansetjing av medlemmer i kontrollutvalet, foreslår AP følgjande endringar i samansetjing av driftsstyret, valnemnda, og utsending til landssamanslutninga for nynorskkommunar (forslag til endring er marker med raud skrift):

DRIFTSSTYRET	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANTAR
9 plassar		
POS med framlegg om:	-Rebecca Riise Bjerknes SP (-leiar)	1. Inghild Remøy 2. Anne LiseFredly
	-Hild Våge (-nestleiar)	3. Dag Aarflot 4. Idar Flo
	-Uthman Harbid som erstatte Bjørn Ytrestøyl	5. Janne Heggvoll 6. Kaspar Selvik 7. Lina Marie Bjørkedal
	-Alf Jacobsen -Mathilde Eiksund	8. Helge Standal

KRF med framlegg om:	-Henning Holsvik -Inger Tove Bilsbak Simonnes	1:Erlend Krumsvik 2:Kjell Petter Wiik 3:Alinde Marie Bjørkedal 4:Margaret Theresa Raiaratne Kornberg
FRP med framlegg om:	Roald Espset	1: Jenny Venås 2: Eiliv Halkjelsvik
H med framlegg om:	Per Svein Krøvel	1:Ivar Otto Kristiansen 2:Odd Martin Velsvik

VALNEMND 11 repr.	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
AP	Hild Våge	Margrete Trovåg
AP	Magnar Sunde	Uthman Harbid som erstatte Bjørn Ytrestøyl
SP	Sølvi Dimmen	Odd Harald Sundal
SV	Åshild Vik	Gunnar Strøm
V	Fride Sortehaug	Benedicte Holmberg
MDG	Øyvind Festø	Rebecca Riise Bjerkvik
KRF	Erlend Krumsvik	Arild Iversen
KRF	Margrete Bjerkvik	Anders Egil Straume
FRP	Roald Espset	Odd A. Folkestad
FRP	Sindre OlavKvangardsnes	Jon Georg Dale
H	Sindre Rotevatn	Per Svein Krøvel

Utsetting til landssamanslutninga for nynorskkommunar (3 stk.)	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS med framlegg om:	Hilde Osdal	1: Sølvi Dimmen
	Milan Ilic som erstatte Anne Lise Fredly	2: Anne Lise Fredly som erstatte Milan Ilic
OPP med framlegg om:	Karl Anders Helset	3: Inger Anne Kvamme 4: Roald Espset 5: Kaspar Selvik

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV ELDRERÅD FOR PERIODEN 2015-2019

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar eldrerådet for perioden 2015-2019

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Som vara blir følgjande vald:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Uprenta saksvedlegg:

[Reglement for styre, nemnder, råd og utval i Volda kommune](#)

Saksopplysningar:

Eldrerådet skal vere eit rådgjevande organ for kommunen i alle saker som vedkjem eldre i samsvar med "Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd" av 8. november 1991.

Eldrerådet i Volda kommune skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer som blir valde av kommunestyret. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

I reglementet for eldrerådet (sist endra i kommunestyret si sak 143/11) står det at kommunestyret skal velje leiar og nestleiar. Dette er imidlertid feil, det er eldrerådet som sjølv skal peike ut leiar og nestleiar, jf eldrerådslova § 2:

§ 2.(Val og samansetjing av kommunale eldreråd)

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet.

Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Volda/Dalsfjord velferdslag for eldre og Volda pensjonistlag har høve til å kome med forslag om val av personar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som blir valde

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV KOMMUNALT RÅD FOR FUNKSJONHEMMA FOR PERIODEN 2015-2019

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019.....

Som leiar for råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019 vert valt

Som nestleiar for råd for funksjonshemma for perioden 2015-2019 vert..... valt

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

[Reglement for styre, nemnder, råd og utval i Volda kommune](#)

Saksopplysningar:

Rådet for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for kommunen.

Rådet skal ha 5 medlemmer: 2 frå kommunestyret med 3 varamedlemmer, og 3 frå dei ulike funksjonshemma sine interesseorganisasjonar med 4 varamedlemmer.

Interesseorganisasjonane har så langt sendt inn følgjande forslag til kandidatar:

1. Volda/Ørsta revmatikerforening: Kari Gamlem

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen Arkivsak nr.: 2015/1850
Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

KLAGENEMND FOR EIGEDOMSSKATT - ENDRINGAR I SAMANSETJING

Administrasjonen si tilråding:

Som nytt/nye medlem(mer) og varamedlem blir følgjande valt:

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 109/15 den 29.10.2015 vedtak om val av klagenemnd for eigedomsskatt. Nemnda fekk følgjande samansetjing:

Klagenemnda for eigedomsskatt	REPRESENTANT	VARAREPRESENTANT
POS	Harald O. Søvik - leiar	Svein Seljeset
	Bjørn Ytrestøyl	Milan Ilic
	Inger Tove Simones	Inger Lise Eiken
	Hildegun Nautvik - nestleiar	Ann Elin Haugland Bjørkedal
	Sølvi Dimmen	Tor Mikalsen

Medlemmer i formannskapet kan ikkje ha verv i "eigedomsskattenemnder", og medlemmer formannskapet kan då heller ikkje vere medlem i klagenemnd for slike saker (sjå eigedomsskattelova § 20 og § 21). Dette m.a. fordi formannskapet kan klage på fastsett eigedomsskatt.

Sølvi Dimmen har medlem i formannskapet og kan derfor ikkje sitte som medlem i klagenemnda for eigedomsskatt. Det må derfor veljast eit nytt medlem i klagenemnda for eigedomsskatt i staden for ho.

Arbeidarpartiet ønskjer å endre samansetjinga i klagenemnda for eigedomsskatt i tilknytning til at Uthman Harbid ikkje kan sitte som medlem i kontrollutvalet (pga at han er tilsett i Volda kommune). AP ønskjer å sette inn Milan Ilic som fast representant i staden for Bjørn Ytrestøyl og Per Kåre Nesset som vararepresentant i staden for Milan Ilic.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV JURY TIL VOLDA KOMMUNE SIN FRIVILLIGPRIS

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande jury til Frivilligprisen:

Jury:

- 1.(leiar:)***
- 2.***
- 3.***

Vedleggsliste:

Melding om politisk vedtak - innføring av frivilligpris - Volda kommune

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 24/15 den 26.03.2015 vedtak om å opprette ein frivilligpris som for første gong blei delt ut i 2015. Målsettinga er at prisen skal bidra til å gje positiv merksemd tilbake til dei frivillige organisasjonane gjennom å påskjønne godt frivillig arbeid. Ein frivilligpris kan også vere med på å stimulere til innsats, og peike på gode døme når det gjeld aktiv innsats innan frivillig arbeid i Volda kommune.

Frivilligprisen er sett til 10.000 kr og skal delast ut av ordføraren i samband med kommunestyremøtet i juni.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/643	3227/2015	076	SVK/ US	27.03.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - INNFORING AV FRIVILLIGPRIS - VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.03.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 24/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ein frivilligpris som for første gong vert tildelt i 2015.*
- 2. Juryen består av Margrete Bjerkvik, Hild Våge og Dan Bjørneset*
- 3. Prisen vert sett til kr 10.000 kr og blir utdelt av ordføraren i samband med kommunestyremøtet i juni.*
- 4. Utgifta med prisen for 2015 vert å innarbeide i første sak om budsjettkorrigerings. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Økonomisjef Henrik Skovly
Økonomikonsulent Janne Semb
Frivilligsentralen v/Astrid Gjersdal
Sektor kultur og service v/Inger-Johanne Johnsen

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/643
		Arkivkode:	076

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
42/15	Formannskapet	17.03.2015
24/15	Kommunestyret	26.03.2015

INNFORING AV FRIVILLIGPRIS - VOLDA KOMMUNE

Handsaming i kommunestyret:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.03.2015

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ein frivilligpris som for første gong vert tildelt i 2015.*
- 2. Juryen består av Margrete Bjerkvik, Hild Våge og Dan Bjørneset*
- 3. Prisen vert sett til kr 10.000 kr og blir utdelt av ordføraren i samband med kommunestyremøtet i juni.*
- 4. Utgifta med prisen for 2015 vert å innarbeide i første sak om budsjettkorrigering. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Handsaming i formannskapet:

Følgjande vart fremja som medlemmer i juryen:

Ordføraren fremja Margrete Bjerkvik
Jørgen Amdam fremja Hild Våge
Jan Heltne fremja Dan Bjørneset

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med oppnemning av jurymedlemer, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.03.2015 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ein frivilligpris som for første gong vert tildelt i 2015.*
- 2. Juryen består av Margrete Bjerkvik, Hild Våge og Dan Bjørneset*
- 3. Prisen vert sett til kr 10.000 kr og blir utdelt av ordføraren i samband med kommunestyremøtet i juni.*
- 4. Utgifta med prisen for 2015 vert å innarbeide i første sak om budsjettkorrigerering. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

Administrasjonen si tilråding:

- Kommunestyret vedtek å opprette ein frivilligpris som for første gong vert tildelt i 2015.
- Juryen består av.....
- Prisen vert sett til kr 10.000 kr og blir utdelt av ordføraren i samband med kommunestyremøtet i juni.
- Utgifta med prisen for 2015 vert å innarbeide i første sak om budsjettkorrigerering. Prisen vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i sitt møte 3. februar 2015 at dei ønska å få fremma ei sak om oppretting av ein frivilligpris. Ein slik pris skal bidra til å gje positiv merksemd tilbake til dei frivillige organisasjonane gjennom å påskjønne godt frivillig arbeid. Ein frivilligpris kan også vere med på å stimulere til innsats, og peike på gode døme når det gjeld aktiv innsats innan frivillig arbeid i Volda kommune.

Ein slik frivilligprisen bør vere retta mot all frivillig verksemd. Prisen kan tildelast enkeltpersonar eller private organisasjonar som har gjort ein innsats innan frivillig verksemd for innbyggjarane i Volda kommune.

Volda kommune v. frivilligsentralen har ein gong tidlegare delt ut ein frivilligpris, i forbindelse med Frivilligåret i 2001. Då var det Olav Egset som fekk prisen for sin store innsats i forbindelse med dugnadsarbeidet med kunstgrasbana på stadion.

Kriterier/retningslinjer for prisen:

- Prisen skal gjevast til ein initiativrik person, lokal forening/gruppe, som har utmerka seg med frivillig innsats, engasjement og pågangsmot til beste for den enkelte og samfunnet.
- Prisen skal synleggjere frivilligheita sin eigenverdi og samfunnsverdi ved å løfte fram gode eksempel på resultat av frivillig innsats.
- Frivilligheita si breidde og mangfald både med tanke på organisasjonsform, tematikk, alder og kultur skal over tid gjenspeilast i eit tilsvarende mangfald blant prisen sine vinnarar.
- Prisen kan gjevast på grunnlag av ein persons/lokal forening/gruppe sin frivillige innsats over lengre tid, eller i eit tidsavgrensa prosjekt.

Fristen for å kome med forslag til kandidatar skal annonserast i avis og på kommunen si heimeside.

Alle kan fremme forslag på kandidat til prisen. Jury medlemmer kan kome med eigne forslag til kandidatar, og juryen kan tildele prisen til ein kandidat som det ikkje er kome inn eksterne forslag på.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert innført ein frivilligpris i Volda kommune i samsvar med dei foreslåtte kriteria. Formålet med ein slik pris er å løfte fram døme på resultat av frivillig innsats og bidra til eit meir aktivt samfunn.

Kommunestyret må vurdere kva tidspunkt det er aktuelt å dele ut prisen. Vil ein dele ut prisen i samband med kommunestyret før ferien, eller er det til dømes meir naturleg å gjere det i samband med den forbindelse med den internasjonale frivilligdagen: 5. desember. Rådmannen har innstilt på at det vert gjort i samband med kommunestyret i junimøtet, men dette kan verte knapp tid og kommunestyret bør gjere ei vurdering av kva tidspunkt ein ser mest tenleg.

Det er vanleg at ein slik pris vert kunngjort, og at det vert sett ein frist til å kome med forslag til kandidatar. Kommunestyret får vurdere om ein skal ha ei ordning med kunngjering der ein opnar for at alle skal kunne fremje forslag på kandidatar, eller om ein skal ha ei ordning der det er juryen som plukkar ut prisvinnar ut frå ei eiga sondering utan innspel utanfrå.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ein slik pris vil stimulere til auka frivillig innsats og bidra til eit meir aktivt aktivt samfunn.

Økonomiske konsekvensar:

Utgifter til frivilligprisen må innarbeidast i budsjett

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Til dei som vart valde
Økonomistab
Kultur og service



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2015/1850
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV REPRESENTANT TIL PROSJEKTGRUPPE OG STYRINGSGRUPPE I "MELLOM BYGNINGANE I VOLDA"

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel som representant i prosjektgruppa til "mellom bygningane i Volda.

Kommunestyret vel følgende 5 formannskapsmedlemmer som representantar til styringsgruppa for "Mellom bygningane i Volda."

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Vedleggsliste:

Melding om vedtak - KST sak 10/14 - oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda"

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 10/14 (30.01.2014) oppstart og gjennomføring av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda".

Det skal veljast 1 representant til prosjektgruppa og 5 formannskapsmedlemmer til styringsgruppa for prosjektet.

Rune Sjørgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei som blir valde



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/2215	1027/2014	L05	SVK/ US	03.02.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - OPPSTART AV
SENTRUMSUTVIKLINGSPROSJEKTET MELLOM BYGNINGANE I VOLDA**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.01.2014, hadde føre ovannemnde som sak PS 10/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-***
- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.***
- 3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam***
- 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. Følgjande 5 formannskapsmedlemmar vert representantar i styringsgruppa: Dan Bjørneset, Jorunn Aske, Roald Espset, Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sektorsjef Teknisk Rune Totland
Sektorsjef Uvikling Jørgen Vestgarden
Økonomisjef Henrik Skovly
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

Sakshandsamar Hanna Spilling
Jørgen Amdam
Dan Bjørneset
Jorunn Aske
Roald Espset
Gunnar Strøm
Odd A. Folkestad

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Hanna Spilling

Arkivsak nr.: 2013/2215

Arkivkode: L05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/14	Formannskapet	30.01.2014
10/14	Kommunestyret	30.01.2014

OPPSTART AV SENTRUMSUTVIKLINGSPROSJEKTET MELLOM BYGNINGANE I VOLDA.

Handsaming i kommunestyret:

Tilrådinga frå formannskapet vart utdelt på møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 30.01.2014

- 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-***
- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.***
- 3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam***
- 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. Følgjande 5 formannskapsmedlemmar vert representantar i styringsgruppa: Dan Bjørneset, Jorunn Aske, Roald Espset, Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad.***

Handsaming i formannskapet:

Ordførar kom med slikt framlegg:

3. Prosjektgruppa: Jørgen Amdam

4. Styringsgruppa: Dan Bjørnset, Jorunn Aske, Roald Espset, Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen med framlegget frå ordførar, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 30.01.2014 til Kommunestyret:

1. *Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-*
2. *Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.*
3. *Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam*
4. *Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. Følgjande 5 formannskapsmedlemmar vert representantar i styringsgruppa: Dan Bjørneset, Jorunn Aske, Roald Espset, Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1 Formannskapet vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med *kommunal del sentrumsutvikling* (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-
- 2 Formannskapet godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.
- 3 Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant:

- 4 Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. Følgjande 5 formannskapsmedlemmar vert representantar i styringsgruppa:

Vedleggsliste:

- 1) Søknad om fylkeskommunale midlar, 10.12.13
- 2) Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 12.12.13: *tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-*
- 3) Partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda. Avtale mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 10.01.14

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" er eit samarbeid mellom Volda kommune, Volda næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosjektet har som mål å heve kvaliteten på areala mellom bygningane i sentrum. Dette for å skape gode opphaldsrom, etablere møteplassar og å legge til rette for opplevingar som igjen trekkjer folk til sentrum. Ønsket resultat er ei sentrum og tettstad som vert meir attraktivt for studentar, voldingar, handel og besøkande/turistar.

Prosjektet vil gjennom prosess, planar, raud tråd og gjennomføring også vere klart omdømebyggjande for Volda som studiestad og tettstad.

Prosjektet har også som mål å vise korleis overordna planar og grunnlagsdokument kan realiserast/følgjast opp gjennom ulike fysiske tiltak i uterom. Prosjektet vil såleis nytte og byggje vidare på dei føringar og tilrådingar som kjem fram i til dømes tettstadsanalysen (2007) kommunedelplan for sentrum (2010), Felles handelsanalyse for Ørsta og Volda (2012) og sist oppsummert og tilrådd i LUK-rapport – *Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene/Hovdebygda* (2013).

Saksopplysningar:

Volda kommune har i budsjett og økonomiplan for 2014-2017 som intensjon å setje av totalt kr. 5 mill inkl. mva som kommunaldel til sentrumsutvikling. Styret for stiftinga Kontoret for Næringslivet i Volda (som no er nedlagt), i dag Volda Næringsforum har løyvd kr. 1 500 000,- Dette som delfinansiering frå næringslivet til sentrumsutviklinga. Midlane disponerast av Volda Næringsforum.

Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga har løyvd eit tilskot på inntil kr. 500 000,- til del 1 av prosjektet "Mellom bygningane i Volda".

Kostnadsoverslag for del 1 av prosjektet er på kr. 1 392 000,- . Desse midlane skal gå til prosess og planlegging, samt minst tre HER&NO prosjekt. HER&NO prosjekt er mindre fysiske tiltak i sentrum som vert realisert undervegs i prosessen, og parallelt med utarbeiding av parkeringsanalyse, handlingsplan for handel og ein masterplan for sentrum. (utanomhusplan)

Del 1 av prosjektet Mellom bygningane i Volda startar opp i januar 2014.

Del 2 har som intensjon å starte opp i januar 2015 når masterplanen ligg føre, Volda kommune sitt budsjett for 2015 er godkjent, det ligg føre avtalar med private aktørar og grunneigarar, og tilsegn om midlar frå tettstadsprogrammet. Partnerskapsavtalen må reviderast for å omhandle utbyggingsfasen med forankring av 1/3 finansiering frå kvar av partane Volda kommune, private og fylkeskommunen.

Søknad om fylkeskommunale midlar (1/3) til del 2 av prosjektet vert å sende inn når utkast til masterplan er klart, og ein har eit betre innblikk i kva voldingar og andre involverte aktørar ynskjer byggjetrinn 1 skal vere.

Organisering og ansvarsfordeling

Utvikling av Volda sentrum vert gjennomført som partnerskapsprosjekt.

Volda kommune og Volda næringsforum er prosjekteigar. Det totale prosjektet vert ført i Volda kommune sitt rekneskap i samsvar med godkjende budsjett og rammer for dei ulike fasane i prosjektet.

Volda næringsforum er prosjektleiar og er på oppdrag frå Volda kommune ansvarleg for gjennomføring av del 1 av prosjektet (fram til byggjetrinn 1). Dette gjeld total oppfølging av prosjektet inkl. leiing, anbod- og kontraktsstyring, framdrift og økonomisk styring i samsvar med prosjektbudsjett og framdriftsplan som ligg ved partnerskapsavtalen. Volda kommune stiller med planleggingskompetanse.

Styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum (ekskl. ordførar og rådmann) og Volda kommune, representert ved formannskapet. Styringsgruppa skal handsame og gi råd i saker som vert lagt fram av prosjektleiar. Styringsgruppa skal bidra til at prosjektet får naudsynte ressursar, status og gi prosessleiar aktiv støtte for å sikre framdrift.

Prosjektgruppa vil fungere som sparringspart for prosjektleiar og kommuneplanleggar. Prosjektgruppa vert å bestå av partar som har eit engasjement for utvikling av sentrum og med ulik kompetanse som representerer forskjellig ståstad i høve sentrumsutvikling. Formannskapet vert representert med 1 representant.

Ein forventar at prosjektgruppa bidreg med faglege råd, organisering og aktiv hjelper prosjektleiar og kommuneplanleggar med å legge til rette for gjennomføring av dei ulike fasane i prosjektet. Prosjektgruppa får stor mulighet til å påverke og vere med til å definere og utvikle innhald i prosjektet.

Volda kommune er ansvarleg for gjennomføring av del 2. Byggjetrinn 1 (del 2) skal vere i samsvar med masterplan, finansiering og rammer som vert regulert i eiga avtale med grunneigarane og særskilt godkjenning i Volda kommunestyre. Volda kommune syt for søknad om midlar frå tettstadsprogrammet. (Del 2 av prosjektet)

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen tilrår vedtak om oppstart og gjennomføring av del 1 av prosjektet "Mellom bygningane i Volda" og at formannskapet vel 1 representant til å sitje i prosjektgruppa og 5 medlemmar frå formannskapet til å vere del av styringsgruppa.

Rådmannen tilrår at vedlagt partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune vert vedteken, under føresetnad at avtalen vert godkjent av partane sine styrande organ eller organ med fullmakt for godkjenning av avtalen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ein kan på noverande tidspunkt ikkje sjå nokon negative konsekvensar for helse og miljø. Ein vurderar at prosjektet vil fremja, og ha positive helse og miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Utover dei midlane avsett i budsjett for 2014 vil ein måtte påregne kommunal eigeninnsats frå ulike seksjonar, t.d. i samband med arbeid knytt til prosjektgruppa, som referanse ressurs m.m.

Dersom nokon eller delar av HER&NO prosjekta vert permanent på sikt vil det sannsynligvis medføre kostnader i samband med vedlikehald og drift.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen som ein kan sjå på noverande tidspunkt.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Leiar Volda Næringsforum, Stefan Halck
Tettstadskoordinatør ved Møre og Romsdal fylkeskommune, Arne-Dag Gjærde
Leiar Teknisk, Rune Totland
Leiar Seksjon Utvikling, Jørgen Vestgarden
Kommuneplanleggar Hanna Spilling

Økonomisjef
Dei som vart valde



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2013/1217
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/15	Valnemnda Kommunestyret	25.11.2015

VAL AV VOLDA KOMMUNE SINE REPRESENTANTAR I STYRET FOR VOLDA SKISENTER 2015-2017

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vel følgjande representantar til styret for Volda Skisenter AS for perioden 2015 – 2017:

Representantar:

- 1.
- 2.

Vararepresentantar:

- 1.
- 2.

Vedleggsliste:

Vedtekter for Volda Skisenter AS

Saksopplysningar:

Kommunestyret valde i sak 74/11 den 22.06.11 desse til å vere representantar i styret for to år:

Faste: Malvin Kile og Elisabet Innselset

Vara: Norleif Vik og Askjell Våge

Ved ein feil blei det ikkje valt nye representantar og vararepresentantar frå Volda kommune i 2013. Det skal no veljast to medlemmer og to vara som skal sitje i styret i to år.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Dei som blir valde

Volda Skisenter AS, Postboks 108, 6101 Volda

VEDTEKTER FOR VOLDA SKISENTER AS.

§ 6

Selskapet skal leiast av eit styre på fem medlemmer.

Fastsetting av partalls- eller oddetallsår. Døme: sesongen 2007-2008 er eit oddetallsår.

Generalforsamling: (årsmøte)	Ein styreleiar	Skal veljast for 1 år i gongen
	Eit styremedlem	Skal veljast for 2 år i partallsår
	To vara for styremedlem	Skal veljast for 2 år i partallsår
Volda Kommune:	To representantar	Skal veljast for 2 år i oddetallsår
	To personlege vararepresentantar	Skal veljast for 2 år i oddetallsår
VTI:	Ein representant	Skal veljast for 2 år i partallsår
	Ein personleg vararepresentant	Skal veljast for 2 år i partallsår

Volda kommune og VTI sine representantar skal sjølv varsle Volda Kommune og VTI når dei går av, dette må varslast minst 2 mnd før generalforsamlinga. Volda Kommune og VTI skal då utnemne nye representantar.

§ 7

Formannen kallar styret saman så ofte han finn det turvande, eller når ein av styremedlemmene krev det.

§ 8

Styret er vedtaksført når formann eller nestformann og to styremedlemer er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Formannen si røyst avgjer likt røystetal.

§ 9

Styret har den daglege leiinga av selskapet, og har fullmakt til å tilsette turvande folk for drift og vedlikehald.

Styret skal føre møtebok der kvar sak vert innført, og røystetal for saka. Dissensar kan krevjast innførde i møteboka.

Styret er ansvarleg for å føre og halde à jour ei aksjebok, der alle aksjeeigarane er innførde.

§ 10

Formannen og ein styremedlem bind selskapet med underskriftene sine.

§ 11

Regnskapsåret skal vere frå 01.09. til 31.08.

VEDTEKTER FOR VOLDA SKISENTER AS.

§ 12

Ordinært årsmøte skal heldast kvart år innan 15. november.

Omfram årsmøtet vert samankalla når styret finn det turvande, eller når aksjeeigarar med minst 1/10 av aksjekapitalen krev det. Slikt krav skal gjerast skriftleg og nemne sakene kravet gjeld.

Styret kallar saman årsmøtet med lysning i lokalpressa tre (3) veker føreåt.

Saksdokument inklusiv rekneskap, skal sendast hovudaksjonærane Volda Kommune og Volda Turn- og Idrottslag minimum ei (1) veke før årsmøtet.

På det ordinære årsmøtet skal det handsamast og takast avgjerde i følgjande saker:

- 1) Fastsetting av resultatrekneskapen og balansen.
- 2) Disponering av årsoverskotet eller dekking av underskot ifølgje den fastsette balansen
- 3) Andre saker som etter lov og vedtekter høyrer inn under årsmøtet.

§ 13

Vedtektene i selskapet kan ikkje endrast utan samtykke frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

§ 14

Elles syner ein til den til ei kvar tid gjeldande aksjelov.

oooOooo